Statens vegvesen

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 19/1715-2 | | 17.01.2019 |

## Svar - Nabovarsel - Gnr. 139 bnr. 102 - Skarsvegen 118 - Etablere ny avkjørsel til omsøkt ny garasje - Lindås kommune

Statens vegvesen syner til nytt nabovarsel for tiltak på gnr. 139 bnr. 102 i Lindås kommune.

Søknaden gjeld oppføring av garasje for bubil på eigedomen. I samband med dette er det også søkt om ny avkøyrsle frå privat veg til eigedomen. Eigedomen og avkøyrsle til offentleg veg er regulert gjennom *Friluftsområde - Kvamsvågen.* Det er difor Lindås kommune som er rett vedtaksmynde. Garasjen er plassert langs privat veg. Det er lagt til rette for vidare utbygging innover vegen jf. reguleringsplan.

Vi vil i denne konkrete saka vere opptatt av at det ikkje vert opna for nye tiltak innanfor byggjegrensa mot fylkesvegen.

Garasjen er plassert tett inn til den private vegen og har ei dårleg vinkling på vegen, noko som medfører at sikta vert dårleg ved inn- og utkøyring. Dette kan vere til ulempe ved vidare utbygging av feltet, når det vert meir trafikk innover vegen. Vi meiner og at tiltakshavar må syne at det er tilfredstillande snu- og manøvreringsareal i tilknyting til garasjen, slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg, eller ved avkøyrslepunktet til offentleg veg.

Vi ber om å få dispensasjonssaka tilsendt for eventuell uttale.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ